


OPPSTART AV PLANARBEID

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-1 og 12-8 varslast oppstart av privat detaljregulering for:

VALAGJERDET, 41/46 M.FL. – KNARREVIK, FJELL KOMMUNE



Tiltakshavar er Berkon AS.

Stracon AS er utførande konsulent.

Hovudføremålet med detaljreguleringa er å leggje til rette for ei fortetting med to nye firemannsbustader og ein einebustad. I tilknytning bustadane regulerast felles parkering, avkjørsel og tilkomstveg. I den sørlege delen av planområdet vert det sett av område for leik.

Planområdet utgjer om lag 8,4 daa. I Kommuneplanens arealdel er området avsett til føremålet *bustader*. Det er vurdert konsekvensutgreiing. I samråd med planetaten i Fjell kommune, er det konkludert med at planen ikkje fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing.

Naboar og grunneigarar blir varsla direkte.

Oppstartsmeldinga kan sjåast på www.stracon.no via linken «kunngjøringar». Merknader som kan ha verking for planarbeidet kan sendast via e-post: post@stracon.no, eller til Stracon AS, Leirvikflaten 15b, 5179 Godvik.

Merkast «7157 – Detaljregulering Valagjerdet».

Frist for merknader er sett til 20. oktober 2017

Alle mottekne dokument vil følgje planforslaget når dette blir sendt kommunen for handsaming og vedtak.

Nærmare informasjon om planarbeidet kan ein få hos Stracon AS.

